

AVTALE MELLOM HARAM KOMMUNE OG GISKE KOMMUNE OM KJØP AV TENESTER PÅ LANDBRUK OG VILTFORVALTNING.

Haram kommune og Giske kommune har inngatt ein avtale om leige av tenester på landbruk og viltforvaltning. Avtalen er gjeldande ut 2010. Giske kommune har evaluert avtalen og gjort vedtak om at avtalen skal fornyast med ein del endringar.

Det vert inngatt ein ny avtale med verknadstidspunkt 01.01.2011:

Haram kommune utfører det administrative arbeidet ned dei lovpalagde oppgavene innan landbruks og viltforvaltninga på vegne av Giske kommune.

Rådmannen i Giske delegerer fullmakter til å gjere vedtak på vegne av Giske kommune i fagsaker i landbruks og viltforvaltninga, og som ligg innanfor rådmannen sitt delegerte mynde, til rådmannen i Haram. Delegeringa gjeld ikkje for konsesjonssaker og fradelings og omdisponeringssaker etter jordlova.

Avtalen er gjeldande til ein av partane seier den opp. Ei oppseiing må vere skriftleg og vere den andre parten i hende seinast eit halvt år før siste driftsåret.

Omfanget av avtalen er sett til 0,5 årsverk.

For 2010 betaler Giske kommune 367962 kroner til Haram kommune for utføring av desse tenestene. For 2011 og etterfølgjande år skal beløpet regulerast etter gjennomsnittleg lønsutvikling i KS-området det føregaande året. Beløpet skal betalast etterskotsvis kvart halvår. Det vert berekna meirverdiavgift.

Reiseutgifter er inkludert i avtalen. Kontorutgifter i samband med utføring av arbeid frå fast kontorstad i Giske vert dekt av Giske kommune.

Avtalen omfattar ikkje arbeid utover dei lovpalagde oppgavene innan landbruks og viltforvaltninga. Det kan gjerast egne avtaler om utføring av arbeidsoppgaver utover avtalen.

Personell fra Haram kommune har ein fast kontordag i Giske ein dag pe., veke og gjennomfører elles arbeid i Giske kommune utover den faste kontordagen etter behov. Landbruksforvaltninga i Haram kan kontaktast av brukarane i Giske utover den faste kontordagen.

Giske kommune steller kontor og kontorutstyr til radvelde, gir sakshandsamarane i Haram kommune tilgang til Giske kommune sitt nettverk og utfører dei karttekniske oppgavene som er naudsynte for landbruksforvaltninga.

Haram kommune rapporterer til Giske kommune på landbruks og viltområdet. Ved behov kan kvar av partane krevje eit møte.

.....16.12.10.....
Dato

.....*Trond Hanel*.....
For Haram kommune

.....3/1-11.....
Dato

.....*Martin O. Sævi*.....
For Giske kommune